

**Framlegg frå Arbeiderpartiet, Høgre, Senterpartiet og Kristeleg Folkeparti  
til endringar i budsjett 2016 i høve til formannskapet sitt framlegg:**

**Driftsbudsjettet**

1 mill. til styrking disposisjonsfondet.

200.000 til fritidsklubb Frekhaug.

Føresetnad – arbeidet må i all hovudsak skje i regi av friviljuge lag og organisasjonar.

200.000 til styrking kultur.

Midlane skal gå til auka driftstilskot idrettsanlegg.

**Verbalpunkt:**

1. Kommunestyret ber rådmannen i løpet av våren koma med ei utreiing på kva omstillingstiltak som kan gjerast, både på kort og lengre sikt, for å få ein meir berekraftig økonomi i kommunen.
2. Det skjer ei omfattande og hurtig utvikling innan omsorgsteknologi. Rådmannen blir beden om å leggje fram sak for kommunestyret om korleis slik teknologi kan nyttast i Meland.
3. Kommunestyret viser til Deloitte rapport av november 2012. Her kjem det mellom anna fram at ein bør sjå på organiseringa av den kommunale bilparken innan pleie- og omsorg. Rådmannen blir beden om å følgje opp dette, og informere kommunestyret om status innan 01.07. 2016.
4. Kommunestyret vil ha eit ekstra fokus på oppvekstvilkår, og vil difor arbeida for å styrkja tenester for barn og unge. Rådmannen blir beden om å søkje om prosjektmidlar til tiltak knytt til dette - til dømes kommunepsykolog, ungdomskoordinator og liknande.
5. Tidleg innsats må prioriterast når det gjeld barn, unge og familiar som har særlege utfordringar.
6. Kommunestyret vil også be om at rådmannen snarast legg fram sak om innkjøp av elbilar jfr. FS sak 73/15.
7. Kommunestyret ber rådmannen følgja utviklinga i skatteinngangen nøye, slik at det kan takast naudsynte grep i tide om skatteinngangen vert lågare enn budsjettert.

**Investeringar**

3 mill. kr. til forskotering av undergang/trafikksikring Holme.

Det blir nytta midlar frå disposisjonsfondet til føremålet.

**Verbalpunkt:**

Presisering angående Bustader for vanskeligstilte – 10 mill. kr.

Midlane blir ståande unytta fram til rådmannen har lagt fram sak for kommunestyret, der ein vurderer følgjande:

1. Å inngå avtale med private tilbydarar for å sikre høvelege bustader til føremålet.
2. Vurdere noverande bruk av kommunale bustader med omsyn til tildeling, omløpshastighet, vedlikehald og organisering.

mot 2 (FrP)